

Masfjorden kommune

Kultur og fritid

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

Helga Hodne

Ausfjordvegen 1621

5981 Masfjordnes

Masfjorden 30.01.2023

Søk om tilskot til vøling av tak - Åbakken 30 – Sør Kvingo – Masfjorden

Saga, som står på tørrmur langs med elva, er bygd i bindingsverk med liggande kledning og har saltak tekt med teglpanner. Mølla er tre etasjar og har som saga liggande kledning og saltak med teglpanner.

På Åbakken har det vore kvern i lange tider. I 1850-åra var her både kvern og sag. Seinare var vasskrafta nytta til å drive ytterlegare ei kvern og i tillegg vart det bygd korntørke. I elva ovanfor mølla vart det murt opp ei stemme for å få betre kontroll på vassføring, og det var laga slåk til kvernene og saga.

Det var behov for slike kverner og folk kom roande frå andre bygder i Nordhordland for å få malt kornet sitt på Åbakken.

I 1910 vart det bygd på ei etasje til på mølla slik at det no vart eit treetasjes bygg. Tømmeret til dette vart henta frå ein nedlagt husmannsplass på Einestrond.

I mellombygget mellom saga og mølla er det i dag lekkasje. Teglpannene lekter, sløyfer og sutaksplater av for å få utbetra skaden. Taksteinen må takast ned og gjerast rein, vidare må lekter og sløyfer takast av, råteskadd tro må bytast før ny papp sløyfer, lekter og takstein kjem på plass. Det er ein del skadd takstein. Denne må supplerast med ny eller brukta takstein som er i god stand.

På synfaring har vi sett at alle vindu, med unntak av dei i saga som er relativt nye, har behov for ulike grader av istandsetting. Alle vindu i mølla må takast ut for istandsetting; dvs rammene i alle vindu må takast ut, settast inn på oppvarma verkstad for tørking før reingjering impregnering, kitting og maling. Før tørking må rutene ut av ramma. Fleire ruter må bytast då mange er knuste eller har sprekker. I fleire av vindauge er det behov for spunsing i tillegg til tørking, maling og kitting.

Det er behov for istandsetting av både vindauge og tak, men den viktigaste prioriteringa i denne år blir å få tette den nyoppdaga lekkasjen i mellombygget mellom sag og mølle. Vi vil difor med dette søke kr **40000** til prosjektet med å få lagt om og tetta taket på mølla i Sør Kvindo.

Venleg Helsing

Helga Hodne

Vedlagt:

Foto

Finansieringsplan

Kostnadsoverslag

Kulturminnefagleg uttale